

# ***Nordhordland kompetanseregion***

*for grunnskulen*

*Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

## **Nordhordland kompetanseregion**

### **NKR**



## **Årsmelding 2016**

# **Nordhordland kompetanseregion**

for grunnskulen

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

## **MÅLSETJING**

NKR arbeider for å halda ved like og vidareutvikle kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring.

Det er eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på område der kommunane kan ha nytte av å koordinera innsatsen.

Jfr vedlegg 1- Statuttar for NKR.

## **INNLEIING**

NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseheving innan skule-og barnehagesektoren, PPT og Vaksenopplæring.

Ulike fokus- og arbeidsområde, både kursrekkejer og ulike samarbeidsprosjekt, strekkjer seg gjerne over år. Døme på tema/prosjekt/samarbeid som går over tid er:

- Ungdomsskulesatsinga UiU- Ungdomstrinnet i utvikling
- Samarbeid med Statped
- Rettleiing av nyutdanna, nytilsette i skule og barnehage.
- Arbeid med IKT, kjøp av programvarer og implementering av program og ny kunnskap, i barnehagar og skular

Det er samanheng mellom årsmeldingane, frå eit år til eit anna. Deler av årsmeldinga til NKR må difor lesast og sjåast i samanheng med dei føregåande årsmeldingane.

## **STYRET**

Styrevervet

01.01-31.07.16: Kommunalsjef Torleiv Frotjold, Austrheim kommune, har vore leiar og Oppvekstleiar Alf Strand, Masfjorden var nestleiar.

01.08-31.12.16: Oppvekstleiar Alf Strand, Masfjorden kommune, har vore leiar og Einingsleiar Ragna Midtbø, Lindås kommune, var nestleiar.

Medlemmar:

Austrheim Kommune:	Kommunalsjef Torleiv Frotjold/ rektor Bodil Boie Brekkan
Fedje Kommune:	Rektor/ skulefagleg rådgjevar Linda Husa
Lindås Kommune:	Einingsleiar Ragna Midtbø
Masfjorden Kommune:	Oppvekstleiar Alf Strand
Meland Kommune:	Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen
Modalen Kommune:	Rektor /skulefagleg rådgjevar Jahn Olav Nordheim
Osterøy Kommune:	Spesialrådgjevar Astrid Brandal Øvsthus
Radøy Kommune:	Kommunalsjef Jo Tømmerbakke

Styreverksemd: Styret har hatt 7 møter og har handsama 80 saker.



## GJENNOMFØRTE TILTAK 2016

Oversikt over samlingar som har vorte gjennomførte

Fag/område	Vår	Haust	Tal deltakarar Målgruppe	Fagleg ansvar	Merknad
Munnleg eksamen	1dg		27 Faglærarar og sensorar	Fylkesmannen og NKR	
Borna som utfordrar oss		1dg	95 deltakarar Assistentar i SFO og skule	Bro Aschehoug, Emilie Kinge	
Tilbod til nytilsette, nyutdanna lærarar	½ dg	½ dg	10-12 nytilsette Nyutdanna, nytilsette i skule.	NLA	Tema: Problemretta veiledning i grupper Klasseleiing/ organisering av undervisning
Vaksenopplæring	1 dag		24 lærarar i vaksenopplæring og ungdomsskule	Nygård skole	«Jeg vet ikke ingenting»
Nettverk - UIU	1 dg	1 dg	42 skuleleiarar og ressurslærarar	NKR- arbeidsgruppe UIU - prosessrettleiar	Ungdomsskular

## VIDAREUTDANNING (VU)

Hausten 2014 starta det opp tilbod om vidareutdanning i matematikk. Tilbodet har kome i stand etter ein avtale mellom NKR og NLA. Dette er eit desentralisert tilbod, for lærarar på barnetrinnet, med studiestad på Breistein, 30 studiepoeng, over 2 skuleår. Studiet vart avslutta våren 2016. Frå vår region deltok 13 studentar.



## DKS- DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

NKR fekk i 2016 tilskot på kr. 50 000,- frå Fylkeskommunen.

Styret gjorde vedtak om å tildele midlar til framsyninga «A Royal Live Story» for 5.-7. klasse. Stønad er gitt til Rune Alver og Heidi Ektvedt som har utvikla framsyninga.

## **GJENNOMFØRING AV LOKALGITT MUNNLEG EKSAMEN**

Lokalgitt munnleg eksamen vart avvikla for niande gong våren 2016, administrert av NKR. Forskrifta frå 2014 og gjennomgang av den reviderte instruksen var hovudtema i kurset som vart halde våren 2016, for faglærarar, sensorar og skuleleiarar.


## **SAMARBEID STATPED OG NKR**

Samarbeidet mellom STATPED og NKR har halde fram i 2016. Koordineringsgruppa har hatt 2 møter og har hatt slik samansetjing:

Frå NKR: Astrid Brandal Øvsthus, styremedlem  
Oddfrid Hole, regionssekretær/ Dina Dyrhovden, koordinator  
Astrid Namtvedt Sylta, regional barnehagegruppe

Frå Statped: Asgerd Eide og Tove Theie

Frå PPT: Solveig Elvik, Austrheim PPT (vår) / Osterøy PPT (haust)



Det vart i 2016 underskrive ny samarbeidsavtale mellom STATPED Vest og dei 8 kommunane i regionen. Kvar kommune har signert eigen avtale som gjeld frå 01.01.16 til 01.01.18.

Etterutdanning tilsette i PPT:

Fylkesmannen har tildelt midlar til etterutdanning for tilsette i PPT. Det er gjennomført ei kursrekke over 3 dagar våren 2016, der hovudtema er «Organisasjonsutvikling og endringsarbeid»

Systemretta arbeid, organisasjonsutvikling og kompetanseheving på ulike plan er fokusområde hjå PPT. Kvalitetskriterier for PPT var tema i koordineringsmøtet i desember. Dette vil bli arbeidd vidare med i kommunane og i NKR i 2017. PPT- nettverket og koordineringsgruppa er ein del av kompetanse – og organisasjonsutviklinga i PPT og begge fora er ein viktig del av den utviklingsprosessen som PPT no er inne i.

## **DIALOGMØTE MED FYLKESMANNEN**

I 2016 var det fjerde gong fylkesmannen gjennomførte dialogmøte med NKR.

Fylkesmannen ønskjer ein arena der både skule- og barnehagesektoren er representert og der ein kan drøfta felles utfordringar, på ein uformell måte.

Tema som vart drøfta: Vaksenopplæring for minoritetsspråklege, overgrepssaker, Kap. 13.10 og mobbeproblematikk.

## **IKT-NYE VERTØY OG NY KUNNSKAP**

Det er relativt mykje fokus på innkjøp av verktøy og programvare og skulering for bruk av dette. Å følgja opp og å hengja med i utviklinga er ei utfordring for kommunane og skulane. I 2016 starta arbeidet med å fornye kursbasen. Denne er planlagt teken i bruk våren 2017.



I desember sette NKR ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på bruk og erfaringar med Learning Management System, LMS. Arbeidsgruppa består av 5 representantar + koordinator. Arbeidsgruppa har fått eit mandat og skal legge fram resultat frå sitt arbeid våren 2017.

## VAKSENOPPLÆRING

Sally Solberg, Lindås kommune, er NKR sin representant i fylkesmannen si kontaktgruppe for vaksenopplæring i Hordaland.

Det har vore gitt tilbod om kurs i vurdering av vaksne framandspråklege på grunnskulenivå.



## UNGDOMSSTEGET- UiU

Dette er ei satsing som går over fleire år, frå 2013-2017. Med utgangspunkt i «St.meld. 22» og «Strategi for Ungdomstrinnet», starta ein i 2013 opp *UiU, Ungdomssteget i utvikling*. Dette er ei nasjonal satsing på ungdomssteget for å fremja grunnleggjande dugleikar, organisasjonsutvikling og praktisk, variert og relevant undervisning.

Alle kommunane i NKR har no starta opp med UiU- Skulebasert kompetanseutvikling. Ein del av skulane er ferdige med prosjektperioden, men er med vidare i satsinga. I

samarbeid med Utviklingsrettleiaren i regionen har NKR utvikla dokumentet «*Strategi for arbeid med lærande nettverk på skular med ungdomssteg*». Tilbodet «Lærande nettverk» vart starta opp januar 2016. Dette er eit tilbod for alle ungdomsskulane, uansett kvar dei er i løpet for UiU eller anna skulebasert kompetanseutvikling. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som planlegg, gjennomfører og evaluerer samlingane. Det vart gjennomført 2 samlingar i 2016.

## RETTLEIING AV NYUTDANNA LÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARAR

Samarbeidet mellom NKR og NLA har halde fram.

Sidan nyttilsette, nyutdanna som oftast startar opp i august, går plan for dette tilbodet frå NLA frå august til august. Halvdags-samlinga våren 2016 var såleis ei oppfølging av haustsamlinga 2015. Det vart laga ein ny plan for skuleåret 2016/2017, med to halvdagssamlingar, ei hausten 2016 og ei samling våren 2017. Rettleiarane hadde eiga samling våren 2016.

## BARNEHAGESEKTOREN

Styret, ved nestleiar, saman med barnehage-representantar frå dei 8 kommunane og regionssekretær/koordinator, utgjer arbeidsgruppa for kompetanseheving i barnehagane. Regional barnehagegruppe har hatt 6 møter og har handsama 65 saker. Møteleiinga går på omgang mellom kommunane. I 2016 har det vore Osterøy kommune v/Sylvi Ann Hanstveit som har vore møteleiar.



NKR sitt fokus på barnehage har auka dei seinaste åra og gruppa sin trong for også å ha barnehagefagleg representasjon i styret har vorte meir naudsynt. Dei barnehagefaglege rådgjevarane i Lindås, Meland og Osterøy får no invitasjon til å ta del på styremøta og deler denne oppgåva seg i mellom. Dette er i samsvar med statuttane.

Barnehage er også kvart år med i dialogen NKR har med Fylkesmannen ein gong pr.år. Aktuelle tema dette året var m.a. Barnehage/GLØD-nettverk. I tillegg til å vere eit forum for felles kompetanseutvikling er den regionale arbeidsgruppa også ein arena der felles utfordringar på andre område vert drøfta.

## OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Namn kommune	Tal barnehagar	Tal tilsette	* Tal årsverk	Tal born
Austrheim	2	56	46.7	165
Fedje	1	9	8.6	26
Lindås	16	262	216.7	898
Masfjorden	3	38	32,6	101
Meland	9	162	159.7	610
Modalen	1	12	9.4	26
Osterøy	8	115	102	451
Radøy	5	99	77.4	257

\*I årsverk er det teke med styrarar, pedagogisk personell og assistentar

Regionen har i 2016 hatt følgjande fokusområde:

- a) Etterutdanning for styrarar, pedleiarar og assistentar
- b) Felles utfordringar knytt til kommunal barnehagedrift

## GJENNOMFØRTE TILTAK 2016

Oversyn kurs og samlingar som er gjennomførte

Fag/område	Vår	Haust	Deltakarar/ målgr.	Fagleg ansvar
Dialogisk lesing	1 dg	1dg	109 deltakarar vår 77 deltakarar haust	Tonje Alvestad Ophus
Relasjonsbygging på eit stødig fundament		1 dg	129	Siri F Abrahamsen
På veg inn i framtida	1 dg		73 deltakarar	Vibeke Mostad
«Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagane»	1dg		52 deltakarar Styrarar og pedleiarar	Conexus Marion Kvellheim
Tilbod til nyttilsette, nyutdanna barnehagelærarar	½ dg	½ dg	16/18 Nyttilsette, nyutdanna barnehagelærarar.	NLA
Samling for rettleiarar til nyttilsette, nyutdanna barnehagelærarar	½ dg		9 deltakarar	NLA
Profesjon og kjærleik	1 dg		90 deltakarar	Line Melvold

## TILSYN

Arbeid med tilsyn har vorte gjennomført etter dei ulike kommunane sine planar for dette arbeidet. Kommunane har hjelpt kvarandre med eksterne tilsynsrepresentantar. Hausten 2016 starta arbeidet med å planlegge tilsyn for inneverande kommunestyreperiode.

## GLØD

Sylvi Ann Hanstvedt er NKR sin representant i fylkesmannen si gruppe som arbeider med Glød. Målsetjinga med arbeidet er «Å styrke dei tilsette sin kompetanse for å gje alle barn eit godt og likeverdig barnehage-tilbod, å heve status for arbeid i barnehagar, å auke rekrutteringa til barnehagelærerutdanninga og behalde dei som allereie arbeider i barnehage, å auke rekrutteringa av tilsette med naudsynt kompetanse til pedagogisk arbeid i barnehage. GLØD har vore fast sak på dei regionale barnehagemøta.

## KURSDAGEN I NOVEMBER

Planlagde kurs hausten 2015 vart utsett til våren 2016. Det vart gjennomført 3 store kurs på planleggingsdagen i februar. Kwart år har det vore arrangert ulike dagskurs på planleggingsdagen i november. Det var i år planlagt 3 kurs. Det eine vart avlyst og dei 2 andre vart gjennomført.



## **ETTERUTDANNING FOR STYRARAR OG PEDLEIARAR I BARNEHAGANE**

Etterutdanningsrekkja «Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagane» for både styrarar og pedagogiske leiarar har hatt to samlingar i 2015 a 2 dagar. Det har vore påmeldt 190 deltakarar. Fagansvarlege har vore Conexus  
Kursrekkja vart avslutta med 2 kursdagar i 2016.



### **IKT-STRATEGIEN OG BARNEHAGANE I REGIONEN**

NKR ser også framover når det gjeld bruk av IKT i barnehagane.

Ein del av kommunane i regionen har i 2016 kjøpt inn Vigilo som administrasjonssystem i barnehagane. I dette verktøyet ligg også ein app til dialog og samhandling med foreldra.

### **SAMARBEIDSPARTAR**

NKR har i 2016 samarbeidd med følgjande utdanningsinstitusjonar/ organisasjonar:

NLA            Norsk lærarakademi  
DKS            Hordaland fylkeskommune - Den kulturelle skulesekken  
IKT NH        IKT-Nordhordland  
Fylkesmannen i Hordaland  
Conexus  
Statped

### **SAMARBEID MED UTDANNINGSFORBUNDET**

Styret i NKR inviterte 2 representantar frå HTV-gruppa i Nordhordland til først møte 2016, for å drøfta mandat og rollar i NKR og i kommunane. Det vart gjort vedtak om at Utdanningsforbundet får innkalling og sakliste. Ordninga skal evaluerast.

### **DELTAKING PÅ KURS/ KONFERANSAR/ UTVAL**

Regionsekretær, koordinator og styreleiar har teke del på ein del aktuelle samlingar og konferansar.

Oddfrid Hole har bidrege til utforminga av årsmeldinga.

Knarvik 28.02 2017  
Dina Dyrhovden, koordinator

3 vedlegg: Avrekning, Statuttar og Avtale.

## Vedlegg 1

NORDHORDLAND KURSREGION						
AVREKNING 2016						
<b>Samla utgifter</b>						<b>1 238 263</b>
Inntekter						
	Refusjon moms		kr	40 224,03		
	Kursinntekter		kr	636 950,00		
	Refusjonar		kr	18 137,00		
	Bruk av fond		kr	257 500,00		
						952 811
<b>Netto utgifter</b>						<b>285 452</b>
<b>Fordeling</b>	Fast sum	10 % av 285452				28 545
	Til fordeling etter elevtal					256 907
Kommune	Elevtal	Fordelings- nøkkel	Beløp	Fast Sum	Totalt beløp for 2016	
Austrheim	388	7,32 %	kr 18 903,83	kr 3 568,13	22 472	
Fedje	73	1,53 %	kr 3 556,65	kr 3 568,13	7 125	
Lindås	1920	36,30 %	kr 93 544,73	kr 3 568,13	97 113	
Masfjorden	201	3,87 %	kr 9 792,96	kr 3 568,13	13 361	
Meland	1071	19,27 %	kr 52 180,42	kr 3 568,13	55 749	
Osterøy	900	18,17 %	kr 43 849,09	kr 3 568,13	47 417	
Modalen	86	1,32 %	kr 4 190,02	kr 3 568,13	7 758	
Radøy	634	12,23 %	kr 30 889,25	kr 3 568,13	34 457	
<b>Kontrolltall</b>	<b>5273</b>	<b>100 %</b>	<b>kr 256 906,97</b>	<b>kr 28 545,00</b>	<b>285 452</b>	
Jorunn Kjøde Fosse						
Fagleiar rekneskap 25.01.2017						

**Nordhordland kompetanseregion**

for grunnskulen

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

**STATUTTAR FOR NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION (NKR)  
2016-2020**

1. NKR er eit samarbeidsorgan for Oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.
  
2. HOVUDMÅLSETJINGA for regionen er
  - å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, vaksenopplæringa og PPT
  - å koordinera eit organisasjonbasert utviklingsarbeid innan
    - bhg
    - skule
    - VO
    - PPT
    - tverrsektorielt/tverrfagleg utvikling i heile oppvekstsektoren, inkludert helsesøstertenesta
  
  - vera eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling i oppvekstsektoren
  
3. STRATEGI
  - Tydeleg leiarskap som tek opp dagsaktuelle, framtidsretta tema
  - Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
  - Tett kontakt med UH-sektoren og samarbeidspartnarane våre
  - Sektorielle og tverrfaglege lærande nettverk
  - Årleg evaluering av utvalde satsingsområde/kursrekkjer/nettverk
  
4. STYRET

Oppvekstansvarlege i kommunane utgjer styret for kompetanseregionen. Styret legg til rette for dynamisk drift i tråd med føringar frå staten og regionale behov. I kommunar der ansvar for skule og barnehage er delt, kan kommunane stilla med den barnehageansvarlege i saker som vedkjem barnehage. Om oppvekstansvarlege ikkje møter i styret, oppnemner rådmannen person(ar) med mynde. Berre ein frå kvar kommune har røysterett til ei kvar tid. Styret vert konstituert med leiar og nestleiar. Leiarvervet går på omgang mellom styremedlemmane, slik:

Austrheim, Masfjorden, Lindås, Osterøy, Meland og Radøy  
Funksjonstida er 3 barnehage-/skuleår.

Styret har høve til å setja ned ad hoc utval som arbeider med ulike oppgåver.  
Styret er vedtaksført når minst 50 % av medlemmane er til stades.

5. REGIONAL BARNEHAGEGRUPPE

Dette er eit eige forum for barnehage som er ein del av kompetanseregionen.  
Kommunane er representert ved ansvarleg for barnehage eller ein representant frå styrarane

Styret er representert ved nestleiar og utviklingkoordinator

Grappa kjem med innspel til styret for å ivareta fagfeltet *barnehage*

6. UTVIKLINGSKOORDINATOR

Utviklingskoordinator er tilsett i Lindås kommune. NKR kjøper tenester hjå Lindås kommune, i samsvar med eigen avtale og er utøvande organ for styret.

Utviklingskoordinator rapporterer til og førebur saker saman med styreleiar.

Utviklingskoordinator kan representere NKR og ta del i ulike møte innanfor NKR sine ansvarsområde, etter avtale med styreleiar.

7. ØKONOMI

10% av det totale kommunale tilskotet skal betalast som fast beløp frå alle kommunar.  
Dei resterande 90% skal reknast ut etter elevtal.

Det vert sett opp budsjett for kvart kurs/kursrekke som det vert gitt tilbod om.

Summen for dei einskilde kurstilboda vil variera. Minstesum for ein plass er. Kr. 250,-

NKR sender rekningane til kommunane i samsvar med tal deltakarar.

NKR sender krav for alle som er påmelde når fristen går ut.

Avmelding skal skje ei veke før kursstart, via kursbasen. Viss ikkje avmelding er føretatt, vert det sendt krav om betaling.

6. ENDRING AV STATUTTAR

Endring av statuttane krev minst 5 stemmer

Statuttane er godkjende i NKR sitt styre 01.06.2016

*Nordhordland kursregion  
for grunnskulen*


Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Avtale mellom Lindås kommune og Nordhordland  
kompetanseregion- NKR  
2016-2020

1. Lindås kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 50% stilling frå 01.08.2016
2. Lindås kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som næraste overordna
3. Utviklingskoordinator får arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Lindås kommune. Stillinga kan aukast ved at Lindås kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren
4. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2016 og vedteken fordelings-nøkkel.  
Fellesutgifter:
  - a) Lønsutgifter for 50% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld løn, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og pålagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.
  - b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentlig regulativ
  - c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkja innanfor NKR sitt budsjett
  - d) Utgiftene til føring av rekneskap vert dekkja av ein fast årleg sum etter avtale.
5. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Lindås får delegert mynde frå styret til å tilvisa til utbetaling på NKR sine konti
6. Avtalen skal evaluerast seinast etter 3 år.

Denne avtalen byggjer på avtalen som vart underskriven i juni 1999 og er revidert i samsvar med endra statuttar, vedtekne i NKR sitt styre 01/06 2016

Austrheim 02/06 2016  
  
Torleiv Frotjold  
Styreleiar NKR

Knarvik 02/06 2016  
  
Kristin Moe  
Kommunalsjef for oppvekst  
Lindås